

STØTTEMUR

Søknaden vert sendt til:

Luster kommune

Plan

Rådhuset

6868 Gaupne

E-post: postmottak@luster.kommune.no



Kva for støttemurar er søknadspliktige og kven er friteke søknadsplikta?

Når du skal sette opp ein støttemur er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av støttemuren si plassering, muren sin utforming, maksimale høgde over terreng og avstand til eigedomsgrænse, kan det være at du;

1. Kan bygge utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal bygge) sjølv være ansvarleg for søknaden og byggearbeida.
3. Må søkje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må utførast av føretak som tar på seg ansvar som henholdsvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar, med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må utførast av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må tilfredsstille krav til kvalitetssikring jf. SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf. SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 og SAK10 § 4-1:	
Kva for støttemurar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Mur mot veg, med høgde inntil 0,5 m.	Denne kan du i dei fleste kommunar sette opp utan å søkje. Avklar med kommunen før du startar. Du bør samarbeide med naboane dine om utføring, slik at fleire murar langs same veg vert tilpassa kvarandre.
Mur med <ul style="list-style-type: none"> • høgde inntil 1,0 m og avstand til nabogrense minst 1,0 m • eller høgde inntil 1,5 m og avstand til nabogrense minst 4,0 m. Muren må ikkje hindra sikta i frisisiktsona mot veg. <p>Muren skal ikkje på noko punkt byggast høgare enn maks lovleg høgde over terreng. Muren sin lengde er i denne samanheng utan interesse.</p>	<p>Desse murane kan du føra opp utan å søkja, dersom ikkje anna er avgjort i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal byggja) følgjer reglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løyve.</p> <p>Tiltaket må heller ikkje koma i strid med anna regelverk, som til dømes <u>veglova</u> sine reglar til avstand og avkjøring eller byggeforbodssone etter <u>jernbanelova</u>.</p> <p>Muren må ikkje føre til fare eller urimeleg ulempe for omgjevnadane. Pass på at krava til konstruksjonstryggleik er teke omsyn til.</p> <p>Før du startar å byggja rår vi til at du informerer naboane dine. Dersom du skal byggja i nærleiken av leidningar i grunnen rår vi til at du kontaktar kommunen for å forhøyra deg om eventuelle avstandskrav.</p> <p>Når du er ferdig med å byggja må du informera kommunen om</p>

STØTTEMUR

	kva du har bygd og kvar det er plassert på eigedomen. Dette for at kommunen skal kunna oppdatera kartdata.
--	--

ByggSøk

Dersom du skal setja opp støttemur som er søknadspliktig, rår vi til at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å bruka ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknadar sendt inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktig støttemur som du som tiltakshavar kan være ansvarleg for sjølv etter plan- og bygningslova § 20-4 og SAK10 § 3-1:

Kva støttemurar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Andre støttemurar enn dei som er nemnt i tabell 1, og som etter kommunen sitt skjønn kjem inn under reglane i pbl §20-4 d) «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver».</p> <p>Kva for støttemurar du kan søkje om sjølv som <u>tiltakshavar</u> må du altså avklare med kommunen.</p> <p>Nokre kommunar har retningslinjer for dette.</p> <p>Nokre kommunar praktiserer for eksempel at du sjølv kan søkje om støttemur med høgde inntil 1,5 m. Ein av føresetnadane er då at muren ikkje står på spesielt vanskeleg grunn og ikkje skal stå i mot stort jordtrykk (kilde: SINTEF Byggforsk).</p>	<p>Dersom kommunen vurderer muren du skal setja opp for å koma inn under denne regelen, kan du som <u>tiltakshavar</u> senda inn søknaden sjølv. Du er då ansvarleg for at tiltaket følgjer reglane i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som til dømes kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve.</p> <p>Kommunen kan føra tilsyn og be om at du blant anna dokumenterer korleis krava i <u>byggeteknisk forskrift (TEK10)</u> er teke omsyn til.</p>
Søknaden skal sendast inn i eit eksemplar. I følgje <u>SAK10 § 5-4</u> skal den innehalde:	
Søknadsblankett	nr. 5153*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varslast. nr. 5155 og 5156 Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknader er gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar</i> ».	
Eventuelle merknader frå naboar med utgreiing for korleis merknadane eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan med tiltaket innteika i målestokk. Kartgrunnlag må være av nyare dato og kan tingast hjå kommunen. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva vert kravd?</i> »	
Teikningar. Dei skal være fagmessig utført og i målestokk, f. eks. 1:100. Teikningane skal vise snitt, fasadar og plan, samt dokumentasjon av estetisk tilpassing. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva vert kravd?</i> »	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, er det krav til grunngeven søknad etter <u>plan-og bygningslova § 19-1</u> . Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykkje frå aktuelle nabo. Dette i samsvar med <u>plan-og bygningslova § 29-4</u> og <u>teknisk forskrift (TEK 10) § 6-4</u> . Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning.

STØTTEMUR

Dei 4-sifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

3. Søknadspliktige støttemur med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningslova § 20-3:	
Kva støttemur gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre støttemurar enn dei som er omtalt i tabell 1 og 2	Søknad må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u> , eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <u>sjølvbyggjar</u> . For at du skal kunne bli godkjent som sjølvbyggjar er det ein føresetnad at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyter til deg nokon med slik kunnskap.
Søknaden skal sendast inn i eit eksemplar. I følge SAK10 § 5-4 skal den innehalde:	
Søknadsblankett , inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar	nr. 5174*, 5175* og ev. 5184* og 5187*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varslast. Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknadar er gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar</i> ».	nr. 5155 og 5156
Eventuelle merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan med tiltaket innteikna i målestokk. Kartgrunnlag må vera av nyare dato og tingast hjå kommunen. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva vert kravd?</i> »	
Teikningar. Det skal være fagmessig utført og i målestokk, f. eks. 1:100. Teikningane skal visa snitt, fasadar og plan, samt dokumentasjon av estetisk tilpassing. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva vert kravd?</i> »	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklassar, kontrollområder, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	nr. 5185*
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande	nr. 5181* og ev. 5184* og 5187*
Eventuelle uttale og avgjerder frå andre myndigheiter som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegmyndigheit etc.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, vert det kravd grunnjevne søknad etter plan- og bygningslova § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuelle nabo. Dette i samsvar med plan- og bygningslova § 29-4 og teknisk forskrift (TEK 10) § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Det 4-sifra nummeret til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

Nokre råd og føresetnader når du skal føre opp støttemur:

Du må passe på at støttemuren

- Vert plassert i den avstanden frå eigedomsgrensa som er lovleg.
- Ikkje hindrar frisisiktsoner mot veg.
- Ikkje på noko punkt vert bygd høgare enn maks lovleg høgde over terreng.
- Vert tilpassa terrenget og eventuelle andre murar i nærleiken.
- Vert utforma på ein estetisk god og tiltalende måte både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane.
- Vert plassert heilt nøyaktig mot veg. Om du ikkje er heilt sikker på eigedomsgrensa di mot vegen bør du bestille påvising av grenselinja hjå kommunen.
- Vert sikra mot at nokon kan falle ned dersom muren er høgare enn 0,5 meter.
- Vert bygd slik at den tek omsyn til krava til konstruksjonstryggleiken.

Dersom det er offentleg vass- og avlaupsleidingar i næleiken er det lurt å kontakta kommunen for å avklare kvar leidingane ligg slik at muren ikkje blir til ulempe for vedlikehaldet av leidingane.

Når kan du starta å bygge?

Om støttemuren du skal bygga ikkje er søknadspliktig, kan du byrja å bygga med ein gong du har avklart at vilkåra for fritak frå søknadsplikt er oppfylt.

STØTTEMUR

Om støttemuren du skal bygga er søknadspliktig kan du byrja å bygga tre veker etter at søknaden er motteke av kommunen dersom følgjande vilkår er oppfylt etter plan- og bygningslova § 21-7:

- Søknaden er komplett, det vil seia at den inneheld all naudsynt informasjon
- Oppføring av muren er i samsvar med reglane gjeve i eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå anna myndigheit etter SAK10 §6-2.
- Det finst ikkje nabomerknader.*)
- Kommunen har ikkje gjeve deg melding om forlenga sakshandsamingsfrist etter SAK10 §7-3.

*) Dette vilkåret gjeld ikkje om støttemuren er slik at du etter skjønnet til kommunen kan søkja sjølv utan å bruka ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.

Er desse vilkåra ikkje oppfylt, må du venta med å bygga til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå pbl § 21-7.

Når den søknadspliktige muren er ferdig bygd, skal du som tiltakshavar / ansvarleg søkjar be kommunen om ferdigattest.